



Telefontentralen har fått ei sentral plassering i bygdemuseumstunet.

TELEFONSENTRALEN PÅ VINDAFJORDMUSEET

Egil Reimers

Kva gjer ein telefonsentral på eit bygdemuseum, vil mange spørja. Tradisjonen er jo at der skal det vera lafta tømmer frå gamal tid. Her skal du få historia

Då arbeidet med Verneplan for Telenor sine bygg og installasjonar starta i 1996, vart ein merksam på Ilsvåg LO-sentral frå 1964. Sentralen sto oppe i bakken på austsida av bekken som kjem ned mellom gardane til Jørgen Viland og Jørgen Staupe. Den var mest heilt intakt og svært karakteristisk for si tid. Og ikkje berre var hus og sentral intakt, men også all dokumentasjon som husteikningar, kabelplan, vedlikehaldsmanual for sentralen og den originale abonnentlista.

Slik han sto, var han lite synleg og tilgjengeleg for interesserte, og grunna manglande lufting under huset var det gått kolfyr i golvkonstruksjonen. Huset er ein standard automatkiosk som det vart sett opp ikkje mindre enn seks stykke av i Ølen kontrollkrins det året. Desse småhusa var solide, rimelege og nesten vedlikehaldsfrie med kledning i eternit, som var svært populært på den tida. Prisen var ca. 6000 kroner stykket med grunnmur og alt. Ein skal då hugsa at 15–20.000 kroner var ei god årslønn på den tida.

Sentralen inne i huset av type LO-30, er eit svensk patent produsert av Standard Telefon og Kabelfabrikk (STK) i Oslo. LO står for LandsOrt og 30 viser til ein kapasitet på 30 abonnentar.

AUTOMATISERING AV TELEFONEN I VIKEDAL

2. juli 1964 vart den manuelle telefonsentralen i landhandelen til Jørgen Staupe erstatta av denne vesle automatsentralen. Det var den fyrste automatsentralen i dåverande Vikedal kommune. Sentralen vart driven over eit 24 Volts batteri som hadde kapasitet til

å halda sentralen i drift i minst 48 timar om straumforsyninga frå nettet fall ut. Den hadde altså lite ”sjukefråvær”.

Den kunne ikkje samarbeida med andre automatsentralar. Dermed var det berre abonnentane knytt til sentralen som kunne ringja automatisk til kvarandre. Skulle dei ut i verda, slo dei 0 – null – på nummerskiva og kom då til Sandeid rikstelefonstasjon.

Det var likevel eit stort framsteg å få automatsentral, for den var open for trafikk døgnet rundt. Til samanlikning hadde den manuelle sentralen opningstid frå kl 09 til 1330 og 1630 til 1930 på kvardagar og frå 09 til 10 og 1730 til 19 på sundagar, helge- og høgtidsdagar. På den andre sida kom taksering av lokalsamtalar med automaten – 30 øre samtalen. Sjølv oppringing til *Riksen*, sentralen på Sandeid, vart taksert. Det var ikkje tidstaksering, så samtalen kunne vara heile dagen for den del.

Sentralen var i drift til den vart erstatta av ein ARK-sentral i eige bygg ved sida av kring 1983 då heile telefonettet i indre Vindafjord vart automatisert og kom inn på fjernvalnettet.

TELEFONSENTRAL PÅ MUSEUM

Innan Norsk Telemuseum var det semje om at hus og sentral var verneverdig. Verneobjekt som ingen finn og får sjå, har ikkje same verdi som dei som kan visast fram. Ymse løysingar og lokaliseringar vart diskuterte, og kontakt med no avdøydde leiar av Vikedal Bygdemuseum Kari Aas Blikra gav løysinga vi har i dag. Sentralen vart flytta til museet i Vikedal.



Odd Sollien frå Norsk Telemuseum jobbar med å få liv i sentralen etter nær 30 års stillstand.



Kiosken vert henta i Ilsvåg og lyft heil over på lasteplanet. Huset med dagens sentral til høgre.



Her kjem huset på plass på ferdigstøypd grunnmur på bygdemuseet. Harald Hundseid i blått overvakar operasjonen medan Jakob Matre på kne, finmanøvrerer krana.

I 1998 hadde bygdemuseet sytt for grunnmur, og Harald Hundseid fekk oppgåva med å flytta sentralen så heil som mogeleg. Kostnadene for dette sto Norsk Telemuseum for. Med omtanke, god reiskap og godt mannskap gjekk flyttinga greitt unna. Då huset var vel på plass ved museet, vart nytt golv lagd og taket reparert. Så vart det stille lenge.

Det var heile tida artikkelforfattaren som var bindeleddet mellom lokalmiljøet og Norsk Telemuseum. Ettersom eg er frå Vikedal og har fritidseigedom der, har det blitt til at eg fortsette med det etter at eg vart pensjonist òg.

Slik hadde det seg at noverande styrar av museet på vårvinteren 2009 tok kontakt med meg og ville ha opplysningar som kunne brukast i formidling av hus

og sentral som museumsobjekt. Det stikk seg jo litt ut i bygningsmiljøet ved museet. Mange vil seia det er lite pent. Men der står det og let seg ikkje oversjå. Både Norsk Telemuseum og eg lova å hjelpa til med dette. Gjennom vår og sumar har så huset vorte ferdigstilt med golvbelegg og den elektriske installasjonen reparert. Automatsentralen er sett i stand, og gjester får sjå korleis det tekniske utstyret reagerer når ”abonnentane” ringer til kvarandre.

Det er og sett opp plakatar med kortfatta informasjon om sentralen si historie og illustrasjonar inne i sentralrommet så museumsgjester får vita kva dei ser. Vi som har vore med på prosjektet, vonar det har vorte eit lite, men verdfullt innsyn i lokal telehistorie som både museumsleiing og gjester kan ha glede av.